

Vedlegg 1 Vilkår for salet

Eidfjord kommune legg følgjande føringar og krav for sal av eigendommen.

Krav nedanfor er merkte med skal-krav eller bør-krav.

Skal-krav er å rekne som minstekrav. Det vil seie at «nei» i denne kolonnen kan føre til avvising utan vidare dialog med tilbydar. Meir oppfylling av skal-krav vil bli vurdert av oppdragsgivar under tildelingskriteriet Kvalitet.

Bør-krav (blir vurderte etter at tilbydar har skrive «ja») skal evaluerast av oppdragsgivar under tildelingskriteriet Kvalitet, sjå konkurransegrunnlaget.

Skal/Bør	Krav	Ja/Nei	Kommentar
Skal-krav	Det skal byggast minimum 6 bueiningar på tomta/ BKS3. Kommentar: Det er ikkje krav om at bueiningane skal vere identisk utforma eller ha same prisnivå.		
Skal-krav	Det skal vere livsløpsstandard/tilgjengelegbolig på alle bueiningar. Minst to av bueiningane skal oppfylle krav til livsløpsstandard/vere tilgjengelege bustader. Det skal leggjast til rette for at alle bueiningane seinare kan tilpassast med mindre vesentleg byggingsendringar slik at dei oppfyller krav til livsløpsstandard/tilgjengeleg bustad.		Les i samanheng med punkt 8 i befaringsreferatet av 19.08.2025
Bør-krav	Det bør vere livsløpsstandard/tilgjengeleg bustad på alle bueiningar.		
Skal-krav	Alle husværa/ Bueiningar skal ha: ▪ Opphaldsrom, ▪ Minimum 2 soverom. Minimum et av de skal ha livsløpsstandard/tilgjengelegbolig, ▪ Kjøkken, ▪ Bad, ▪ Vaskerom med opplegg for		

	vaskemaskin, ▪ Inne eller ute bod, ▪ Moglegheit for vedfyring ▪ Minimum 1 parkeringsplass til kvar bueining, og 0.5 gjesteparkering per bueining.		
Skal-krav	Tilbyder skal legge fram forslag / konsept til en eigarstruktur.		
Skal-krav	Kver bueining skal ha minimum 15 kvm opparbeida ute plass.		
Skal-krav	Eidfjord kommune skal ha forkjøpsrett til 1-2 leilegheiter avhengig av totalt antall bueiningar i prosjektet. Dei leilegheitene kommunen skal ha forkjøpsrett til, skal oppfylle krav til livsløpsstandard/vere tilgjengelege bustader.		Les i samanheng med punkt 8 i befaringsreferatet av 19.08.2025
Skal-krav	Overflater og standard i kvar bueining skal vere samsvarande med dei øvrige bueiningane.		
Bør-krav	Bustadprosjektet bør leggje til rette for kostnadseffektive bueiningar med eit prisnivå som er økonomisk oppnåeleg for målgrupper som førstegongsetablerarar, småbarnsfamiliar, einslege hushaldningar og eldre i behov av tilgjengelege og tilpassa bustadløsningar.		
Bør-krav	Løysingsforslaget bør vise godt utnytting av tomta.		
Bør-krav	Det bør skapast eit bumiljø som er attraktivt for personar som ønsker å bu sentralt og også for eldre.		